



Fylkesmannen i
Hordaland

RAPPORT ETTER GJENNOMGANG AV
SAMFUNNSTRYGGLEIKS-
OG
BEREDSKAPSARBEIDET
I HORDALAND FYLKESKOMMUNE
21. APRIL 2015

RAPPORT ETTER BEREDSKAPSGJENNOMGANG

RAPPORT ETTER GJENNOMGANG AV

SAMFUNNSTRYGGLEIKS- OG BEREDSKAPSARBEIDET

I HORDALAND FYLKESKOMMUNE

OM TILSYNSOBJEKTET:	
Kommune:	1200 Hordaland fylkeskommune
Besøksadresse:	Fylkeshuset Agnes Mowinckelsgt. 5 5020 Bergen
Postadresse:	Postboks 7900 5020 Bergen
Dato for tilsynsmøte:	21. april 2015
Kontaktperson:	Birte Markeseth Aasen

OM TILSYNSFØRANDE MYNDIGHEIT:	
Fylkesmannen i Hordaland	
Tilsynsgruppe:	Arve Meidell Alfa M. Sefland
Tilsynsleiar:	Arve Meidell
Spørsmål til rapporten:	Tlf. 916 99 098
Jnr./arkivkode:	2014/15390 350

SAMANDRAG AV FUNN:

Etter gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap vil Fylkesmannen komme med følgjande tilrådingar:

TILRÅDING 1 - KNYTT TIL OVERORDNA TILHØVE:

Sjå nærare på behovet for sterkare og meir systematisk målstyring.

TILRÅDING 2 - KNYTT TIL SAMFERDSELSSEKTOREN:

Sjå nærare på behovet for vidare arbeid med og detaljering av tiltaksplanar knytt til ulike sider av transportberedskapen.

TILRÅDING 3 - KNYTT TIL OPPLÆRINGSSEKTOREN:

Styrke 1) samhandlinga med relevante eksterne aktørar og 2) utvide rammene for ROS-analysar, 3) oppfølging av risikoreducerande tiltak, og 4) vidare arbeid med beredskapsplanverk/tiltaksplanar og øvingar.

Bergen, 25. juni 2015

Arve Meidell
tilsynsleiar

Alfa Merethe Sefland
seniorrådgjevar

RAPPORT ETTER BEREDSKAPSGJENNOMGANG

INNHALD

1. Innleiing.....	4
2. Heimelsgrunnlag for tilsyn/Grunnlag for beredskapsgjennomgangen	4
3. Anna sentralt lovverk o.a.....	5
4. Dokumentasjon lagt til grunn for beredskapsgjennomgangen	5
5. Kva beredskapsgjennomgangen omfattar	6
6. Deltaking	6
7. Funn (tilrådingar)	7
8. Fristar og vidare oppfølging	10

RAPPORT ETTER BEREDSKAPSGJENNOMGANG

1. INNLEIING

Fylkesmannen i Hordaland føretok gjennomgang av utvalde delar av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune (HFK) 21. april 2015. Før gjennomgangen fekk Fylkesmannen tilsendt relevante dokument for arbeidet, og det vart i tillegg gjennomført eit førebuande møte med HFK ved fylkesrådmann Rune Haugsdal og beredskapskontakt Birte Markesetn Aasen 19. mars 2015. Avslutningsvis vart det gjennomført sluttmøte med HFK 7. juni 2015 der hovudfunn frå gjennomgangen vart presentert.

Fylkesmannen har jf. pkt. 2 under tilsynsmyndigheit med delar av den fylkeskommunale verksemda, og rett til innsyn på andre område, men dette har ikkje vore fokus for denne gjennomgangen. I staden har Fylkesmannen i samråd med HFK sett nærare på det heilskaplege og systematiske samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Av den grunn er ikkje funn skildra som avvik eller merknader slik ein normalt gjer ved tilsyn, men derimot som tilrådingar.

Rapporten omhandlar elles berre forbettringspunkt som vart avdekt i gjennomgangen av utvalde tema. Rapporten gjev såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av fylkeskommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid.

2. HEIMELSGRUNNLAG FOR TILSYN/GRUNNLAG FOR BEREDSKAPSGJENNOMGANGEN

Fylkesmannen er gjennom *"forskrift av 18. april 2008 nr. 388 – Instruks for samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet til Fylkesmannen og Sysselmannen på Svalbard"* pålagt å føre tilsyn med heimel i gjeldande lov- og forskriftsverk.

Vidare heiter det at Fylkesmannen skal gje råd, rettleie og vere pådrivar for målretta og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i fylket, samt sjå til at fylkeskommunen og kommunane tek omsyn til samfunnstryggleik og beredskap i samfunnsplanlegginga.

Fylkesmannens tilsynsmyndigheit er heimla i:

- *lov av 16. desember 2011 om næringsberedskap (§ 12)*

Vidare kan Fylkesmannen krevje innsyn jf.:

- *forskrift av 14. juni 2005 nr. 548 om sivil transportberedskap (§ 5)*

Som nemnt over har Fylkesmannen denne gongen primært vald å sjå nærare på andre tilhøve i samråd med HFK. Dermed er ikkje dette eit tilsyn i formell forstand, men derimot ein gjennomgang av fylkeskommunens heilskaplege og systematiske arbeid med samfunnstryggleik- og beredskap basert på metodikken som vert lagt til grunn for tilsyn.

Landets kommunar har sidan 2010 vore pålagt generell beredskapsplikt gjennom:

- *Lov av 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (§§ 14 og 15)*
- *Forskrift av 22. august 2011 nr. 894 om kommunal beredskapsplikt*

RAPPORT ETTER BEREDSKAPSGJENNOMGANG

Desse to (lov og forskrift) gjeld ikkje for fylkeskommunar, men Hordaland fylkeskommune har likevel langt på veg nytta dei som rettesnor for sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Fylkesmannen har difor i denne gjennomgangen òg tatt utgangspunkt i desse.

3. ANNA SENTRALT LOVVERK O.A.

Andre sentrale lover, forskrifter o.a. med innverknad på samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunar og fylkeskommune er mellom anna:

- a) *Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner*
- b) *Lov av 10. februar 1967 om behandlingmåten i forvaltningssaker*
- c) *Lov av 23. juni 2000 nr. 56 om helsemessig og sosial beredskap*
- d) *Forskrift av 23. juli 2001 nr. 0881 om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. etter lov om helsemessig og sosial beredskap*
- e) *Forskrift av 4. desember 2001 nr. 1372 om vannforsyning og drikkevann (drikkevannsforskriften)*
- f) *Lov av 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven)*
- g) *Lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*
- h) *Forskrift av 1. desember 1995 nr. 928 om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*
- i) *Lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven)*
- j) *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 0847 om brannforebyggende tiltak og tilsyn*
- k) *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 0729 om organisering og dimensjonering av brannvesen*
- l) *Forskrift av 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)*
- m) *Lov av 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling*
- n) *Forskrift av 26. mars 2010 nr. 489 om tekniske krav til byggverk*
- o) *Veiledning om tekniske krav til byggverk*
- p) *NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger*

4. DOKUMENTASJON LAGT TIL GRUNN FOR BEREDSKAPSGJENNOMGANGEN

Til grunn for beredskaps gjennomgangen ligg m.a. følgjande dokumentasjon frå Hordaland fylkeskommune:

1. *Statuskartlegging samfunnstryggleik og beredskap*
 2. *Revidert beredskapsplan for Hordaland fylkeskommune*
 3. *Rutine for ettervern*
 4. *Rutine for beredskapsvakt*
 5. *Loggskjema*
 6. *Meldingsskjema*
 7. *Hugseliste for FKLL*
 8. *Varslingslister*
 9. *Transportberedskap Hordaland 2010 – TransportROS – versjon pr. 25.02.2011*
 10. *Strategisk transportberedskapsplan for bruforbindelsene rundt Bergen*
 11. *Regional næringsplan*
 12. *Regional planstrategi*
-

RAPPORT ETTER BEREDSKAPSGJENNOMGANG

13. Regional transportplan

14. Risikovurdering enkel

15. Arbeidet med beredskap på opplæringsavdelinga

5. KVA BEREDSKAPSGJENNOMGANGEN OMFATTAR

I tilsynsrunde 4 (2012 – 2015) har Fylkesmannen primært vald å rette merksemda mot kommunane si oppfølging av dei nye lov- og forskriftskrava som kom med lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret, samt forskrift om kommunal beredskapsplikt. Dette har òg vore fokus for denne beredskapsgjennomgangen hjå Hordaland fylkeskommune. Nærare bestemt inneber dette at ein ved tilsynet har sett på m.a.:

- *Forankring av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet (politisk og administrativt), ref. m.a. forskriftas § 2*
- *Målsetting og målstyring (visjon, langtidsmål, årsmål, andre målformuleringar, rapportering o.a.), ref. m.a. forskriftas § 3 (sjå òg kommunelova kap. 8)*
- *Kartlegging/ROS-analyser (risiko- og sårbarheitsanalysar), ref. m.a. forskriftas § 2 (sjå òg plan- og bygningslova § 4-3)*
- *Beredskapsplanlegging/krisehandtering, (planverk, varslingslister, ressursoversyn, samordning), ref. m.a. forskriftas § 4*
- *Kompetanse (Opplæring og øving), ref. m.a. forskriftas § 7*
- *Førebygging (beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga (BIS) i ordinært planarbeid, gjennomføring av risikoreduserande tiltak etter fullført ROS-analyse, ref. m.a. forskriftas § 1*

6. DELTAKING

Av tabellane under går det fram kven som deltok på kva i samband med tilsynet:

FRÅ FYLKESMANNEN I HORDALAND:

NAMN	FUNKSJON	FØREBUANDE MØTE	OPNINGS-MØTE	INDIVIDUELLE SAMTALAR	SLUTT-MØTE
Arve Meidell	Fylkesberedskapssjef	X	X	X	X
Alfa Merethe Sefland	Seniorrådgjevar	X	X	X	X

FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE:

NAMN	FUNKSJON	FØREBUANDE MØTE	OPNINGS-MØTE	INDIVIDUELLE SAMTALAR	SLUTT-MØTE
Mona Hellesnes	Fylkesvaraordførar		X	X	X
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann	X	X	X	X
Håkon Rasmussen	Samferdselssjef		X	X	
Oddmund Sylta	Skyss		X	X	X
Brynjulf Herheim	Statens vegvesen		X	X	X
Sissel Øverdal	Regionleiar opplæring		X	X	X
Inge Edvardsen	Sakshandsamar samferdsel		X	X	X
Birte Markeseth Aasen	Beredskapskontakt	X	X	X	X

RAPPORT ETTER BEREDSKAPSGJENNOMGANG

7. FUNN (TILRÅDINGAR)

Med utgangspunkt i tilsendt dokumentasjon og samtalane vi hadde med representantar for Hordaland fylkeskommune 21. april, vil vi under ta opp nokre problemstillingar som vi vil tilrå fylkeskommunen å sjå nærare på i det vidare samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Fylkesmannen presiserer at vi ikkje legg føringar for t.d. politiske val, men vil samstundes understreke behovet for å vere realistisk med omsyn til kapasitet i transportløyisingar, tydeleggjering av ansvar og val av akseptkriteria.

TILRÅDING NR. 1 – KNYTT TIL OVERORDNA TILHØVE

- a) Det er eit uttalt behov for tydelegare målforståing knytt til risiko, operasjonisering og prioritering av tiltak. Ei mogeleg løysing kan vere å definere ein visjon for HFKs samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid som kan brytast ned i nokre overordna mål. Med utgangspunkt i desse overordna måla, kan ein utarbeide konkrete (og målbare) mål for dei ulike delane av verksemda som ein kan leggje til grunn i arbeidet med m.a. handlings- og økonomiplanar, rapportering og årsmelding.
- b) Det kan vere tenleg med ein ny gjennomgang av akseptkriteria for å sikre at desse er:
 - I. tilpassa ulike tema/område/nivå i verksemda.
 - II. forankra og forstått både politisk og administrativt.
- c) Det kan vere tenleg å ytterlegare tydeleggjere kva som er Hordaland fylkeskommune sitt beredskapsansvar. Til dette inngår òg klargjering av kva HFK gjer for å:
 - I. Unngå ønskte hendingar.
 - II. Handtere uønskte hendingar.

Utdjupande omtale

I samtalane kom det fram at det er ønskjeleg at ein frå politisk hald i større grad etterspør rapportering på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Det krev klare mål for resultatoppnåing, og ikkje minst ei etablert forståing av samanhengen mellom akseptkriteria, tiltak og leveransar.

Det er vidare behov for ein ny gjennomgang/diskusjon av fylkeskommunens akseptkriteria til bruk i m.a. ROS-analysesamanheng. Dette for å tydeleggjere kva som er akseptabel risiko for ulike delar av den fylkeskommunale verksemda, og ikkje minst for å etablere ei felles forståing (politisk/administrativt) om dette. I den samanheng er det viktig å vere merksam på at det kan vere behov for å ha ulike akseptkriteria for ulike tema/område/nivå av verksemda.

Fylkesmannen vil òg framheve tydinga av god politisk og administrativ forankring av akseptkriteria og kva desse faktisk medfører. Ein tenkjer då m.a. på krav til oppfølging av uakseptabel risiko gjennom førebyggjande tiltak (både av frekvens- og konsekvens-reduserande art), så vel som etablering av tilfredsstillande beredskap for å ta hand om eventuell restrisiko. Mangelfull oppfølging vil på den eine sida kunne medføre erstatningsansvar. På den andre sida kan ein ikkje fjerne all risiko, sjølv ikkje om ein nyttar alle tilgjengelege ressursar til førebygging. Utfordringa er difor å finne den rette balansen, dvs. å definere kva som er akseptabel risikoprofil.

RAPPORT ETTER BEREDSKAPSGJENNOMGANG

I samtalane 21. april fekk vi stadfesta at det ikkje har vore ein større politisk diskusjon rundt kva som er akseptabel risiko. Politikarane vert først involvert når det ligg føre konkrete saker, t.d. narkotika på skular, dødsulykker med Bybanen osv.

TILRÅDING NR. 2 – KNYTT TIL SAMFERDSEKTOREN

- a) Det er behov for å arbeide vidare med tiltaksplanar knytt til hendingar på eller med infrastrukturen i fylket. Store delar av Hordaland fylke er sårbart med omsyn til hendingar på eller med infrastrukturen. I særleg grad er dette knytt til to, tidvis overlappende tilhøve:
 - I. Bortfall av bruer og tunnellar.
 - II. Hendingar på og/eller med hovudaksane ut frå Bergen sentrum.

Utdjupande omtale

Med utgangspunkt i krav i forskrift for sivil transportberedskap har Hordaland fylkeskommune utarbeidd «Transportberedskap Hordaland 2010 – TransportROS». I denne har ein ROS-analysert 17 ulike scenario og arbeidd vidare med 5 dimensjonerande beredskapshendingar (DBH A – E). Dette dokumentet er etter Fylkesmannens syn viktig, og eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

I arbeidet med å lage planverk for å ta hand om slike hendingar er det viktig at ein skaffar seg eit best mogeleg faktagrunnlag og legg realistiske vurderingar til grunn for løysing av dei utfordringane ein kan møte. Det vil til dømes truleg ikkje la seg gjere å ta unna all naudsynt persontrafikk mellom Sotra/Øygarden og Bergen med hurtigbåt over Brattholmen kai slik det kan sjå ut til at ein legg opp til i DBH-D (Transportberedskap Hordaland 2010 – TransportROS side 41). Ei slik løysing vil til dømes krevje nærare eitt bussanløp i minuttet i timane frå kl. 07:00-09:00, noko det neppe er kapasitet til korkje med omsyn til snøggbåt, buss, kai og/eller vegnett. Vidare må desse passasjerane hentast einkvan plass. Eit slikt scenario vil difor måtte handterast i nært samarbeid med dei involverte kommunane med omsyn til etablering av omlastingsplassar frå bil til buss (park & ride-anlegg) og buss til båt (kaiar). For å sikre tilstrekkeleg kapasitet, må dette vere etablert i forkant, noko som venteleg vil krevje formaliserte avtalar med relevante aktørar. Vi vil difor tilrå at fylkeskommunen vurderer å inngå formelle avtalar om dette med dei kommunane det gjeld. Elles ser vi at det kan vere behov for å oppdatere talmaterialet som er lagt til grunn i «Transportberedskap Hordaland 2010 – TransportROS». Dette er regionar i kraftig vekst, noko som gjer at talmaterialet fort vert forelda. Vi saknar vidare kjeldetilvising med omsyn til når og kvar ein har henta informasjonen som er lagt til grunn for scenarioa. Dersom det ikkje alt er gjort, trur vi òg det kan vere føremålstenleg å sjå nærare på statistikk over arbeidspending for ytterlegare å forbetre kvaliteten på talmaterialet.

Ei anna aktuell problemstilling er knytt til dei mange, og som oftast små, hendingane som skjer i trafikken nærast dagleg, men som likevel medfører til dels store problem med trafikkavviklinga, og ikkje minst betydelege samfunnsøkonomiske utgifter. Vi tenkjer då til dømes på stenging av hovudaksar ut av Bergen pga. havari (bilar som har kjørt tom for drivstoff, punktert...). Kva er til dømes kostnaden ved ein times stenging av Fløyfjellstunnelen? Slike hendingar medfører lange køar og forseinkingar som kan strekke seg over timar. Berre for Skyss sin del vil vi anta at dette genererer betydelege kostnader i

RAPPORT ETTER BEREDSKAPSGJENNOMGANG

løpet av eit år. Det ville difor vere interessant om fylkeskommunen kunne sjå nærare på denne problemstillinga. Dvs. kva slike hendingar medfører av økonomiske tap (for Skyss) og om det kan vere (økonomisk) grunnlag for Hordaland fylkeskommune å ta initiativ til samarbeid med andre aktørar med tanke på å gjere noko med situasjonen. Til dømes har Oslo brann- og redningsetat eigen bergingsbil med utrykkingsstatus (blålys) som raskt kan kome til og få fjerna havarerte køyretøy.

Ei anna og meir alvorleg side ved slike hendingar er at dei gjer det vanskeleg, kanskje tilnærma umogeleg, å evakuere Bergen sentrum dersom det skulle verte behov for det. Eit døme på eit slikt scenario, og som vart nemnd i fleire av samtalanene, er hendingar på godsterminalen på Nygårdstangen i Bergen sentrum. Her skal det lite til før «trafikkmaskinen» på Nygårdstangen må stengjast, noko som grunna «sentrumsringen» raskt får følgjekonsekvensar òg for dei andre aksane ut av sentrum. Berre sidan 2008 har det vore to slike hendingar som følgje av hendingar med farleg stoff under omlasting (fare for gasseksplasjon). Situasjonen vert ytterlegare forverra av uklare ansvarstilhøve i form av at det er mange aktørar inne i biletet, m.a. Bergen kommune, Statens vegvesen, Jernbaneverket mfl. Korkje i kommunalt eller fylkeskommunalt planverk er det problematisert rundt ei eventuell evakuering av dette området, det vere seg evakueringsaksar eller evakueringsmåte (bil/buss/til fots). Samstundes kan behovet for evakueringskapasitet verte særst stort då det innan kort avstand frå terminalen er mange bygg med stor befolkningskonsentrasjon, t.d. Amalie Skram vidaregåande skule (ca. 1 000 elevar), ADO-arena, Bergen jernbanestasjon, Bergen busstasjon, Bergen storsenter, Statens hus, Fylkeshuset og Bergen hovudbrannstasjon, for å nemne nokre.

Primært er det ønskjeleg at godsterminalen/ane vert flytta ut frå sentrum, i alle fall for den delen av godsmengda som gjeld handsaming av farlege stoff. Uansett er det viktig i samfunns- og arealplanlegginga å ikkje leggje ytterlegare belastningar på sentrum i form av nye vegar inn/gjennom sentrum som ikkje er naudsynt av omsyn til aktivitetane i sentrum, men heller søke løysingar for gjennomgangstrafikken utanom sentrumssona.

Vi ser og ei utfordring i at det i (fylkeskommunalt og) kommunalt planverk i liten grad er vurdert om, og eventuelt korleis nærliggjande bygg til godsterminalen (og andre risikoobjekt) bør sikrast, jf. krav i plan- og bygningslova § 3-1 bokstav h, § 4-3 og § 28-1. Konsekvensane av ein eventuell eksplosjon på godsterminalen vil truleg kunne verte vesentleg redusert dersom til dømes vindaugane i nærområdet hadde krav om foliering, ref. «NOU 2012: 14 Rapport fra 22. juli-kommisjonen» side 427 ff. Dette er elles eit tilhøve som er nemnt under tilråding 3.

TILRÅDING NR. 3 – KNYTT TIL OPPLÆRINGSSEKTOREN

HFK ved opplæringsavdelinga har etter det vi kan sjå arbeidd godt med å få på plass system og rutinar for beredskapssituasjonar i kvalitetsportalen. Alle skulene skal/har laga overordna ROS-analyse og pedagogisk leiing er lokal kriseleiing. Med ansvar for meir enn 18 000 elevar fordelt på 44 vidaregåande skular er dette ei viktig oppgåve. I samtalanene vi hadde 21. april kom det fram ønskje om å jobbe vidare med m.a.:

RAPPORT ETTER BEREDSKAPSGJENNOMGANG

- Tydeleggjering av forventningar og mål for beredskapsarbeidet
- Øvingar på handtering av ulike krisesituasjonar
- Medietrening - krisekommunikasjon

Det vart òg ytra behov for kontakt med Politiet vedkommande opplæring og rutinar knytt til «Felles prosedyre ved pågåande livstruande vald (PLIVO)». Sidan det kan vere ulike handlingsmønster for evakuering ved til dømes brann og PLIVO, bør slike rutinar avklarast, ikkje minst for å unngå at ein sender alle elevane samla ut til ein potensiell gjerningsperson. (Fylkesmannen har i ettertid formidla informasjon om kontaktperson i politiet til HFK.)

Vi vil òg tilrå at HFK ser nærare på ei «trinn 2 evakuering» ved brann, dvs. kva ein gjer etter at elevar og tilsette har kome seg ut av bygget (ut på skuleplassen). Det er i neste runde ønskeleg å kome seg lengre vekk frå åstaden, både for ikkje å vere i veggen for innsatspersonell, så vel som for å ivareta både fysisk (nedfall osv.) og psykisk (m.a. lukt, lyd og synsinntrykk) helse.

Som nabo til godsterminalen på Nygårdstangen bør Hordaland fylkeskommune/Amalie Skram vidaregåande skule saman med Bergen kommune vurdere (ROS-analysere) mogelege hendingar knytt til aktiviteten på terminalen. Foliering av vindauge kan til dømes vere eit effektivt risikoreduserande tiltak med tanke på å unngå skadar og dødsfall som følgje av flygande glasbitar etter ein eventuell eksplosjon på terminalområdet. Sjå òg omtale under tilråding 2.

På denne bakgrunn vil Fylkesmannen i Hordaland oppmode Hordaland fylkeskommune til å sjå nærare på korleis HFK på eit overordna nivå kan

1. Styrke samhandlinga med relevante eksterne aktørar, som t.d. politi og brannvesen.
2. Utvide rammene for ROS-analysar til objekt utanfor sjølve fylkesbygget, og omfatte skular.
3. Følgje opp med risikoreduserande tiltak der ROS-analysane viser at det er naudsynt.
4. Ta desse vurderingane med i vidare arbeid med beredskapsplanverk/tiltaksplanar og øvingar.

8. FRISTAR OG VIDARE OPPFØLGING

Fylkesmannen ber om tilbakemelding med ei vurdering av dei tilrådingane som går fram av rapporten innan 18. september 2015 med kort skildring av korleis HFK tenkjer å følgje opp desse tilhøva inklusive ein framdriftsplan for dette.